



Oppryddinga på Børnes held fram – også på "papierplanet".

Oppryddinga på Børnes industriområde som no er godt i gang skjer ikkje berre fysisk, men også på "papierplanet". Kommunen har nyleg sendt brev til to grunneigarar som eigentleg overførte og selde sine eigedommar til kommunen for rundt 20 år sidan, men utan at det formelle var i orden, opplysar Jarle Fossheim til uskedalen.no

Elisabeth K. Onarheim i Herøysundet har fått brev frå kommunen om ei industritomt på rundt eitt mål som vart overført, utan at heimelen vart overført til kommunen. Difor får ho no skøyte til signering.

Gjertrud Vedøy på Stord har hatt kontakt med kommunen og opplyst at ei tomt av same storleik er kjøpt og betalt av kommunen. Men kommunen har ved sin gjennomgang av heile industriområdet funne ut at heimelen til denne industritomta heller ikkje er overført. Difor får også ho skøyte til signering.

I brevet til Onarheim skriv kommunen at den i den seinare tid har motteke ei rekkje førespurnader om ledig industriareal og at Børneset er eit av områda som framleis har unytta areal.

Jarle Fossheim i kommunen viser til at Sindre Stensletten, Veviks transportfirma og Trond Myklebust er sterkt interessert i areal på Børnes og at Rune Hjørnevåg nyleg har kjøpt eit område..

- I tillegg har vi hatt kontakt med nokre andre, opplyser Fossheim til uskedalen.no Han ser for seg at Børnes kan bli eit attraktivt område når ein berre får orden på det både fysisk og på annan måte.

Eidsvik Skipsbyggeri eig ein del av Børnes. Skipsbyggeriet har nyleg fått ja frå kommunen til ein søknad om kjøp av eit tilleggsareal som er tenkt nytta til parkering og lagringsplass for stillas og anna som kan stå ute. Området er innanfor reguleringsplanen og regulert til industri. Prisen er 100 kroner pr. kvadratmeter og kjøparen ber i tillegg alle kostnader i samband med kartforretning og tinglysing.

Av Ola Matti Mathisen



Tomta til Rune Hjørnevåg blir no opparbeida. Den ligg vis a vis Hjørnevåg-bedrifta. (Foto: Ola Matti Mathisen)